

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

Universitetet i Bergen

ved professor Torodd Kinn

Til Språkrådet

Høyringsfråsegn til «Framlegg om rettskrivingsendringar i nynorsk og bokmål 2026»

Fagmiljøa i nordisk språkvitskap ved UiB følgjer normeringsarbeidet i Språkrådet med interesse og konstaterer at dei aller fleste justeringar og endringar i framlegget er fornuftige og i samsvar med retningslinjer og mandat.

3.1–3.2: Ingen merknader.

3.3: Ord av typen *bag(g)* er eit openbert normeringsproblem. Framlegget inneber ein reduksjon av talet på former der ein i strid med ortografien elles skriv enkel konsonant etter kort vokal i trykkstaving (*bagen* > *baggen*). Såleis inneber det ei legitim og forsiktig norvagisering.

Rettskriving med veksling mellom enkelt konsonant i utlyd og dobbel konsonant framfor vokal (*bag*, *baggen*) er nok i samsvar med normering av liknande ord i nyare tid, men bryt med allmenn norsk ortografi. Der finst slik veksling utelukkande ved *m* (*tom*, *tomme*). Slik veksling gjeld alle konsonantar i dansk, men gjekk ut av riksmålsrettskrivinga tidleg på 1900-talet, og *ein bør vere svært varsam* med å styrkje trenden mot gjeninnføring av eit slikt ortografisk mønster for norsk.

3.4–3.6: Ingen merknader.

4: Ingen merknader.

5: Framlegget framstår som ei nødvendig rydding i *vann-/vass*-problematikken. Men det er påfallande at pkt. 1–7 listar opp alle aktuelle ord, mens det ikkje blir gitt noka slik liste i pkt. 8. Det er kanskje slik at ein treng ein defaultregel for ein restkategori. Men samtidig er det klart at det må finnast ein del kjende ord her som kunne ha vore lista opp. Fråværet av ei slik liste svekkjer moglegheita for høyringsinstansane til å gi faglege til- og frårådingar. Dette talar for at *framlegg 5, pkt. 1–8 bør utsettast*, og at pkt. 8 i neste omgang får ei tilsvarande ordliste som dei føregåande punkta, ev. i kombinasjon med ein defaultregel for ord som lista ikkje fangar opp.

Ingen merknader til pkt. 9 under 5.